

# Avtale om bruk av kai i samband med turisttrafikk Ulvik - Eidfjord

*mellom:*

Scanditravel AS  
Rådhusgata 28b  
0151 Oslo

*og*

Ulvik herad  
Skeiesvegen 3  
5730 Ulvik

## **1. BAKGRUNN**

Scanditravel AS ønsker og etablere ein turistrute med båt mellom Ulvik og Eidfjord i sommarsesongen – 1. mai – 30.09.

Det er lagt opp til 4 – 5 anløp i kvar hamn pr. dag.

## **2. BRUK AV KAI**

Scanditravel AS har rett til bruk av Heradskaien i Ulvik – Ulvik herad, til anløp av turistbåten som skal gå mellom Ulvik og Eidfjord i sommarsesongen.

Anløpa skal følgje oppsett rutetabell.

På kaiområdet har Scanditravel rett til å setja opp rutetavle og informasjonskilt. Plasseringa av desse skal avklarast i samråd med Ulvik herad.

Scanditravel AS har rett til bruk av naudsynt areal på kaiområdet for dei reisande i samband med av- og påstigning.

## **3. AVTALEPERIODE**

Avtalen er løpande og gjeld frå 01.01.2017, med gjensidig oppseiingsfrist på 3 – tre – månader

#### 4. VEDLIKEHALD

Ulvik herad pliktar å vedlikehalde kaien, pullertar, fenderar og kaiområdet som er omfatta av denne avtalen i forsvarleg stand for den avtala bruken. Dette gjeld likevel ikkje for skade som er påført kaianlegget av operatør.

Scanditravel AS har vedlikehaldsansvar for eventuelle rutetavler og informasjonstavler som gjeld deira trafikk.

#### 5. VEDERLAG

Bruken av kaien er vederlagsfri.

#### 6. SIGNERING

Stad og dato:


  
Hans Petter Thorbjørnsen

Ulvik herad

Hans Petter Thorbjørnsen

Ordfører

Stad og dato:

OSLO 12/10-16  


Scanditravel AS



SCANDITRAVEL

SCANDITRAVEL AS  
Rådhusgata 28b, 0151 Oslo  
Mobil 0047-97679807  
E-post: post@scantrav.com  
Org.nr: 916 559 410